

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kyrkjebø

Emne:

Bygdelag: Kyrkjebø og Berge

Oppskr. av: Anders H. Berge.

Gard: Kyrkjebøstranda

(adresse): Nordeide.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja. Bonde og ordfører 83 år.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

A. Fødselen.

SVAR

1. Ja, det har alltid vore skikk at nabokoner og slektninger - Sjeldan fjertbuande - kom med mat til barselkona
2. 3. Det kunde henda at dei kom fleire ilag, men det var aldrig avlaga på fyrehand og såvitt eg kjenner til var dei aldrig avlaga kva dei skulde ha med seg.
4. Dei første dagerne måtte barselkona ha ro, og dei kom skjeldan før det var gått 4-5 dagar.
5. Det hende av og til at dei lydde til barselkona ein par gange alt med ho låg men aldrig meir.
6. I dei fyrste tidor eg hugser til var maten dei kom med rømmegraut og mylse. Av og til hende det og at dei hadde annan graut t. d. sagegraut og risengryn graut, men det meir sjeldan. Dei siste 20-25 åra er maten mest slutt med - istaden har dei med seg gåvor som dei enten har arbeidd sjølve eller kjøpt på butikken. Det kan vere ymse kjæstykke til barne. I dei siste tidor er dei heilt slutt med maten og gjer bruk av det andre eg har nemnt.
7. Dei brukte aldrig å gjeva gåvor meir ein fyrste gong
8. Grauten hadde dei i store tenfat og mylsa i spann eller treamber. I dei fyrste tidor var det helst treamber.
9. Ja både mat og andre gåvor var sengemat.
10. Kåna i huset gjekk når ho var før til det elles gjekk

2
både tenestegjenta og døtrene når dei hadde alderen til det .

11. Mannen gjekk sjelden og om det hende tykte dei andre ikkje noko for det.

12. Dei som lydde til sengekona fekk alltid mat og hadde øl fekk dei det elles var det mjølk til maten. Sengekona hadde som regel ei flaska sterkt enten Svensk Banko eller Bittert. Dei fremande fekk då ein dram. Det var ikkje gjort skilnad på gut eller gjenta.

13. Namnet var sengjematstemna.

14. Nei, dei fekk alltid mat når dei var ute på disse ferderne.

15. Det var sjeldnare at dei gjekk til ugifte og hende det var det sjølv sagt dei næraste som gjekk.

16. Søtsuppa var aldrig brukt her. Det er omlag 15- 20 år sidan at den skikken tok til.

17. 18. Ja barnet fekk fyrste gongen dei var der enten ði hue eller ein annan ting som kunde vere passande for småen. Det er som før sagt sjelden at ein ber graut og mylse men berre andre gåvor.

19. Her på Berge er alltid bruktat dei næraste av naboerne vart med dåpsgilde . Middag får berre faddene og seinare kjem naboerne til Kaffi og delvis kveldsmat.

20. Dåpselskapet vert og kalla barsølgilde.

21. I dei seinare tidor er ofte brukt å gjeva småen nokre småskillinger. I mine unge dagar var dette aldrig brukt

22. Det har aldrig vore teke noko avgjerd om kven som skulde gjeva barnet mest . Det har vore friviljukt til alle tidor .

23. Fødselsdag .

24. Ja, for born er fødseldagen halden både i notida og forntida. Serlig er fødseldagen halden for dei eldre kvart femte år.

Blad 2 .

25. Det er brukt på så ymse måter. some held kvart år andre kvar 5 år, og kvart 10 år. Midan fabrikkene tok til i Høyanger er det mest brukt kvar 10 år. Jubelanten ber då til seg mesteparten av sine vener og dei kan ofte vere ein 50- 60 mann. På disse fester er det fast skikk at jubelanten for penger til å kjøpa seg ein større presang . Dette har smitta utover på dei vanlige bygder og Eg fekk soleis kr. 300+00 som gåva på min 60 års dag og slik har mange andre fenge det og, Så det er vorte fast skikk over heile grenda .Ja eg kan godt seia over heile heradet.

26. Der kjem ofte folk som ikkje er bodne til disse festter og det liker jubelanterne godt at disse kjem og helse på han.

27. Og dei kjem alltid med gåvor, saman med dei andre.

28. I ærdre tidor var fødseldagen sjelden halden og var det nokon så var det dei aller næraste.

29. Som regel kjøper dei til disse fester nokre fl. øl og kanskje har dei og ein dram til ølet. Maten er som regel Lapskaus og brød med god kaffi.

C. Komfirmasjon.

30. I ældre tidor ja like ned til 1870 og før og var det berre fadderne som var med på dåpsdagen . Som regel hadde foreldra laga litt øl som fadderne fekk kosa seg med. Komfirmanterne hadde almindelige vadmålsklæder. det var aldri tale om å kjøpa ein krage med slips til i den tida. det var almindelig ulsjald istaden for krage og slips. Eg kan minnast på min komfirmasjons dag at eg fekk ein krage og slips hjå Gudmor mi, men eg kunde ikkje bruke den avdi eg trudde eg vart åleine som hadde krage og slips ,og det vilde eg ikkje vera så stor i meg skal det tru. Det var læraren og presten som var bodne i komfir-

Masingilde . denne skikk er også brukt no.Elles

ber dei inn dei næraste naboerne til høgtida.

31. Her i bygderne kom det ibruk i 1905.

32. Ja presten og læraren stod fyrst på lista. Presten kom skjeldan avdi han som regel måtte reie på ein annan stad. . Det har ikkje vore brukt å sendt gåvor før dei kom i gjestebod. av fadderne fekk dei kjøpeklæder og av til penger. Dette har vore brukt både i eldre og i nyere tid .

33. Det kunde henda at fadderne sendte gåvor~~x~~ men som vanlig fekk dei gåva,når dei kom heim.

34. I eldre tider var det aldri brukt ,men nå tekk dei meir og meir til å gjeva gåvor sjølv um dei ikkje er bodne

35. Det har aldri vore bestemte retter. Forældre lager til det dei mest har råd på. . det har aldri vore brukt å kjøpa brød hjå bakaren, for det lager dei sjølve.

D. Brølluap.

36. Ja det kan me godt hugsa på. .Forlovelses~~eller~~ fester-
37.

ØI eldre tidor var det alltid brukt. Nå er det sjeldan brukt. Dei eldre brukte alltid å bryggje øl og så kom dei med flaska så gjesterne var i godt lag og gjesterne gjorde både dansa og var i godt lag.

38. A. Om morgonen gjekk kjøgemeisteren og hans fylgje med øl og dram. Etterpå kom kvinfolka med kaffi og mat. Maten var i dei fyrste tidor heimeste te kakor løpsekling, vavler med meir.

B. Klokka 11 vart det dekket til frukostbord. Det var øl,kaffi,mjølke med kakor av mange slag i Eldre tid var ogso dram til maten. Det er nå slutt .

C. Ja som regel var det det.

D. Ja det var for det meste fast program i eldre tid.

Andre dagen vart det servirt rømmegrout med fersk fisk

Blad 3.

- Middagen vart teken kl. 3-4 e.m. Kveldsmat vart servirt kl. 12 om natta. Med liknande mat som frukost fyrste dag
39. Sendingerne i ældre tid var: eit formstykke på 5-6 kg smør eit nautelår og ljøs m. m. Dei som ikkje hadde nautelår måtte sende smalelår. dette gjalt berre dei som sat med jord og hadde beist på garden. disse sender kom kvelden før brøllupsdagen.
40. Ja smørformerne var slik laga at namnet på vedk. gardsbruk var innskåre i forma-slik at dei kunde sjå kven smøret var ifrå. Både mannen og kona sitt namn var innskåre i forma. I dei seinare tidor er disse gåvor for det meste slutt med. Smøret var ikkje pynta meir enn namna som stod der.
41. Nei det hente aldrig. Det var utsending frå gjivaren som kom med gåvorne.
42. Fodne var namnet.
43. Dei som bar fram gåvorne var som regel enten eit av borna til gjivaren eller ein av tenerlyden.
44. Dei som kom med gåvorne fekk mat og drikke-helst øl. nokon annan fest var det ikkje for disse.
45. Nei det var aldrig brukt.
46. Det var matmora i brullaupet som laga sendingerne heimatt. Det som var sendt var alle sorter mat og ei flaska øl m. m. Dette var i ældre tid. Nå er dette fallet bort.
47. Det var slutt i 1910. Då tok dei til med ein dags brølaup. Dei kjem ikkje i brølupsgarden før dei kjem i frå Kyrkja. Der møter dei alle upp og helser på brølupsfolk. Alle gjesterne fylgjar då med heimattVielsen i Kyrkja gjeng fyre seg som regel kl. 4 ettermiddag. Når gjesterne kjem heim gjeng dei til middagsbordet og fær seg mat og drikke. Dei som ikkje er avholdsfolk har som regel litt øl før dei går tilbords.

Blad 3.

~~38. Eit smørstykke kaffi var kl. 6 em. Kveldsmat kl. 12-13.~~

~~39. Det var oppstyk før~~

40. Nei ikkje annet enn med bokstaver i forma som viste på smørstykke.

48. Ja dei som ikkje har odelsgars reiser ofte til hotel. På Hotella for dei mat og skjenken held brøllupslaget sjølve. Største delen av brølupa vert nå h ldne på hotel.

49. Ein stor del av forlovede reiser til ein by og vert vigde der. Av og til held dei eit gjestebod ,når dei kjem heimatt.

50. I det selskap dei held når dei kjem heimatt får dei gåvor hjå dei som er innbodne.

51. I heimen bruker dei å halda dagen. det ^{er} då ikkje innbodne fremande folk.

E. Gravøl.

52. I eldre tidor bad dei på den måten at dei sende bod til dei . Elles var skikken den at dei som var i slækt til den avlidne kom om ikkje dei var bodne. Nå er det slik at dei er velkomne alle som vilde fylgja til gravi. Slike som ikkje r bodne får ikkje verken mat eller drikke.

53. Hei i bygda har aldrig vore meir enn en dags gravferd, men i eldre tider var det som regel laga øl for dagen. Nå er dette heilt slutt. Før var det 3 måltid nå er aldrig meir enn 2.

54. I eldre tider var det ved langbord. Nå er det ymse måter ein steller det til på.

55. Nei, det har aldrig vore brukt . I eldre tider var smør og flatbrød med supe til. Fisk var servert til middagen. Nå bruker dei som regel soskjøt eller fårikål middag.

56. Nei .

57. På bondegarane var plassen stor nok og ãmindre heimer bad dei ikkje fleire enn dei hadde plass til.

58. I den nyere tid har gjesterne ikkje noko med seg.

I den ãldre tid tok bønderne som regel eit kjøtlår og eit spann søtmjøl.

59. Nei det var ãldrig tale om.

60. Nei det har ãldrig vore brukt verken i ãldre eller nyere tid.

61. Det har ãldrig vore brukt her, og eg kjenner soleis ikkje til det.

62. Overgangen gjekk heilt stille føre seg. Det kundexhænd henda dei ãldre tykte det vart for stille men så ãldrig noko om det.

63. Alkohol har ãldrig vore brukt i dei siste 40- 50 åra. Her er nok ein del som brygger maltøl enndå men ãldrig til joreferd.

64. Nei det har me ãldrig lagt merke til.

65. Gjesterne får middag og kaffi før dei reser att .

66. Nei ãldrig.

67. Nei ãldrig.

68. For 25-30 år sidan.

69. Same tid.

Nye fester.

70. Når dei har mat slikedager er det som regel Lapskaus. og kaffi og brød. Helst skive.

71. Husmora lager til mat og kaffi på denne dag en. Her er 10- 15 år sidan dagen vart teken i bruk.

72. Nei farsdagen har enndå ikkje vore halden, men den kjem nok med det fyrste og det meiner eg errett.

73. Ja det vert brukt steikte fine kakor til dagen.

74. Nei ein kjøper ãldrig brød til disse dagar. Kvinnfolka er så flinke å laga slike brød at det heller

ikkje er turvande å kjøpa

75. det er helst frå aviserne at skikken er oppteken.

og det er det same for farsdagen og.

Anders H. Berge 83 år.